


Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo



Møre og Romsdal
fylkeskommune

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref: 2010/00942 ME/ME2 DAS:elt	Dykkar dato: 21.12.2010	Vår ref: 20181/2011/C34/&13	Vår saksbehandlar: Øivind Schanche, 71 25 88 54	Vår dato: 07.04.2011
---	----------------------------	--------------------------------	--	-------------------------

Melding om vedtak. Høyring - kriterier for regionale filmsenter.

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla sak U-47/11, Høyring – kriterier for regionale filmsenter, i møte 28.03.11, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til den vekta folketalsfordelinga som er foreslått i høyringsbrevet.*
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er behov for ei sterkare vektlegging av storleiken på filmbransjen i kvar einskild region. Dette fordi bransjevolum gir ein god indikasjon på behovet for tilskotsmidlar.*
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er uheldig at det er ei blanding av objektive og subjektive kriterier for dei 40% av midlane som skal fordelast etter kvalitetsvurdering. Det vil etter vår oppfatning vere meir ryddig med ei separering av objektive og subjektive kriterier slik at bransjestorleik vert skilt ut som eigen fordelingsfaktor på lik linje med vekta folketalsfordeling og kvalitetsvurdering.*
- Møre og Romsdal fylkeskommune foreslår med bakgrunn i punkta ovanfor at dei statlege midlane til dei regionale filmsentra vert fordelt etter følgjande modell:*
 - 1/3 vert å fordele etter den vekta folketalsfordelinga som er foreslått i høyringsbrevet.*
 - 1/3 vert å fordele etter bransjestorleik etter formelen $T=1/3S + 1/3O + 1/3A$*
 - S=regionen sin del av det samla talet på selskap som arbeider med filmproduksjon i fylke med filmsenter.*
 - O=regionen sin del av den samla omsetninga i filmbransjen i fylke med filmsenter.*
 - A=regionen sin del av det samla talet på tilsette i filmbransjen i fylke med filmsenter.*
 - 1/3 vert å fordele etter ei vurdering av kvaliteten på arbeidet til det einskilde filmsenter i forhold til den profesjonelle delen av filmbransjen. Denne delen blir fordelt av Kulturdepartementet etter innstilling frå Norsk Filminstitutt.*
- Møre og Romsdal fylkeskommune gjer særskilt merksam på Vestnorsk Filmsenter si satsing på unge talent i sitt samarbeid med filmmiljøet ved Høgskulen i Volda. Til m.a. å handtere dette samarbeidet har Vestnorsk filmsenter som del av sitt samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune oppretta ei 50 % stilling knytt tett opp til dette utviklingsmiljøet på filmområdet. For å kunne stimulere nyutdanna filmfolk til nyetableringar på området, skal stillinga også ha nær tilknytning til Kultur næringsshagen i Volda.*

6. Det er ei politisk målsetjing at det no skal satsast på vekst i filmmiljøa utanfor det sentrale Austlandet. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner derfor det er uheldig at ein så stor del av staten sine midlar til dei regionale sentra vil gå til filmsenteret for Oslofjordområdet. Derfor er det vår oppfatning at statstilskotet til Viken Filmsenter bør vurderast grundig i høve til målsetjingane i Kulturløftet II.

Saksframlegget finn ein på Møre og Romsdal fylkeskommune si heimeside: www.mrfylke.no.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar